

Vilkår for treningsrommet på Heggenes

Treningskort

1. Alle som skal nytte treningsrommet skal ha eget treningskort. Treningskortet er eit nøkkelkort som går til treningsrommet. Treningskortet er personleg og skal kun nyttast av korteigar.
2. Aldersgrense for å inneha treningskort og nytte treningsrommet er 16 år.
3. Treningskortet gjeld innafor eit kalenderår av gongen.
4. Prisar: kr.750.- pr. år for perioden 01.01.20xx til 31.12.20xx, uavhengig av når på året kortet blir kjøpt. Kostnaden blir fakturert.
5. Treningskort hentast ut i resepsjonen på kommunehuset på Tingvang.
6. Om du mistar kortet, ta kontakt med resepsjonen på kommunehuset, tlf 61 35 25 00, send e-post post@oystre-slidre.kommune.no, eller stikk innom. Mista kort blir sperra og du får eit nytt. Avgift for nytt kort er kr.100.-.
7. Ved årsslutt blir alle treningskort automatisk oppdatert til å gjelde for eit nytt kalenderår. Alle som har treningskort blir varsla om oppdateringa i brev form og får ein frist til eventuelt å seie opp avtala før neste kalenderår. Oppseiing etter satt frist gir ikkje rett på betalingsfritak.
8. Avtalen om treningskort kan ellers seiast opp når som helst i kalenderåret, oppseiing skal vere skriftleg. Oppseiing sendast pr. e-post til post@oystre-slidre.kommune.no Betalt kortavgift blir ikkje refundert ved oppseiing.

I treningsrommet

1. All trening utan instruktør går føre seg på eige ansvar.
2. I treningsrommet vil det tidvis vere fleire samla, vis respekt.
3. Det er ikkje tillate å nytte innesko med svarte sålar som setter merker.
4. Bruker plikter å rengjøre apparat etter bruk og sette brukt utstyr på plass.
5. Forlat treningsrommet i den stand du sjølv ønsker å finne det.

Treningsrommet har ikkje garderobe eller dusj.

